

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 21.06.2024, kl.10:00-15:45

MØTESTAD: Lærdal sjukehus, Lærdal

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Jan Tore Odd	Observatør

Forfall

Silje Skaar Sunde	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, kst. direktør Kirurgisk klinikk
Vidar Øvrebø, kst. direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørlaus, fagdirektør
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Ingrid Aanderud Sælen, pasient- og brukarombod
Hilde E. Hjelmeland, rådgjevar

Robert Brennersted, avdelingssjef, *deltok digitalt*

Stian Sægrov, ambulansesjef, *deltok digitalt*

SAKSLISTE

Saksnummer	Sakstittel
036/2024	Statusrapport om prosjekt og digitaliseringsaktivitetar (sak utsett frå førre møte)
041/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
042/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.05.2024
043/2024	Administrerande direktør si orientering
044/2024	Rapportering frå verksemda per mai 2024
045/2024	Leiinga sin gjennomgang 1 tertial 2024
046/2024	Prehospital plan – oppfølging styrevedtak – avtale om beredskapsferje og Redningssselskapet
047/2024	Møteplan og årsplan 2025 for styret i Helse Førde HF
Saker til orientering	
048/2024	Nasjonal årsmelding 2023 frå Pasient- og brukarombodet
049/2024	Revidert nasjonalbudsjett - øymerka tilskot til å ta ned ventetider
050/2024	Løypemelding økonomiske tiltak
051/2024	Miljøstyring i Helse Førde
052/2024	Endra organisering akuttmedisinske tenester - orientering
053/2024	Eventuelt

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Lærdal sjukehus.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING:

Direktør Vidar Øvrebø orienterte om **historia til Lærdal sjukehus og dagens tenestetilbod**

- 1914 Fylkeskommunal tuberkuloseheim med nokre sjukesenger
- 1922 Distriktslækjar Christoffersen samla inn 85 000 kroner til nytt sjukehus
- 1930 Nytt sjukehus stod ferdig, med røntgenmaskin
- 1936 Straum kom til Lærdal
- Større utbyggingar på 50-talet, 1972 og 1987

Det er gjennomført mange oppgraderingar ved Lærdal sjukehus siste åra:

- Skifta vindauge, ny varmesentral
- MR
- Ny dialyseavdeling, som er den største i Helse Førde
- Oppussa og utvida sengesentral
- Oppussa fysikalsk avdeling
- Oppgradert kjøkken
- Utvida og oppgradert resepsjonsområde
- Ny infusjonspoliklinikk
- Eigne lokale for legevakt

Status i dag er 141 årsverk fordelt 175 tilsette. Målingar viser av vi ha auke i aktivitet samanlikna med 2019 på omlag alle område.

Pågåande prosjekt er ortopedi i Lærdal og vurdere tiltak i drifta. Tiltak vart presentert for styret 26. oktober 2023.

Tiltak i drifta: Reduksjon i liggedøgn i ortopedisk sengepost

- Rom for fleire operasjonar
- Frigjer ressursar i pleiegruppa på ortopedisk sengepost, og stenge sengepost 22 helgar per år
- Kompensere mangel på ressursar på medisinsk sengepost

Deretter var det omvisning i sjukehuset for å sjå på ombygde lokale i: Resepsjonsområdet, infusjonspoliklinikken og laboratoriet

Styreleiar Krakhellen takka for god omvisning.

Pasient- og brukarombod Ingrid A. Sælen orienterte om **Nasjonal årsmelding 2023 frå Pasient- og brukarombodet**

Frå 2022 har det kun vore nasjonal årsmelding. Denne orienteringa blir spissa litt til spesialisthelsetenesta. Korleis er det i Helse Førde:

- o 2023: 110 saker
- o 2022: 114 saker
- o 2021: 110 saker

Flest saker handlar om ortopedisk kirurgi (22%). Psykisk helsevern for voksne som nummer to (20%). Generell kirurgi utgjer 16%. For Helse Førde viser dette stabile tall.

Antal saker på lokalnivå:

- Lærdal - 4 saker
- Nordfjord – 13 saker
- Førde - 93 saker
- Hittil i år: registrert 69 saker

Kirurgi – kasuistikk, viser 39 saker. Psykisk helsevern for voksne – kasuistikk, viser 14 saker. Psykisk helsevern – kasuistikk barn, viser kun 3 saker.

I 2023 mottok vi nasjonalt 18241 henvendelser, som er ein auke på 20 prosent siste fem åra.

Tre ting vi er spesielt bekymra for:

1. Pasientrettigheter blir brutt eller fungerer ikkje slik dei var meint
2. For låg kvalitet gir høg pasientsikkerhetsrisiko
3. Norge har ikkje likt helsetilbod til alle

Styret kommenterte at det er nyttig å få det samla bildet og det lokale perspektivet.

Styret etterspør lokale tilhøve i Helse Førde til neste årsmelding.

Sak 041/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Oppdatert sakliste utdelt, med oppdaterte titlar på dei ettersende styresakene 049/2024 og 052/2024
- Marita Aarvik hadde meldt forfall. Jan Tore Odd var innkalla som observatør
- Silje Skaar Sunde hadde meldt forfall
- Sak 036/2024 “Rapportering prosjekt og digitaliseringsaktivitetar” var utsett frå førre styremøte.

Adm. direktør Varden orienterte om endra rekkefølge på sakene:

Sak 046/2024 var etter orienteringar

Sak 050/2024 var etter rapporteringar

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 042/2024 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.05.2024

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.05.2024.

Sak 036/2024 Rapportering prosjekt og digitaliseringsaktivitetar

Sak utsett frå førre møte

Oppsummering

Hovudfokuset for dei store prosjekta er å planlegge og gjennomføre innflytting i LIVA-bygget i Førde sentralsjukehus til hausten. Det er gjort ei grundig risikovurdering av flyttinga, og identifisert tiltak for å redusere risikoane. Ein viktig del av arbeidet fram mot innflytting er å gjennomføre desse tiltaka.

Helse Vest innfører i 2024 ny struktur for digitalisering, som inneber endring i rapportering for IKT-prosjekt. Det blir i denne rapporten gitt oversyn over statur for innføring av modellen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om status om prosjekt og digitaliseringsaktivitetar første tertial 2024 til vitende, og merkar seg at det blir ein hektisk periode fram til innflytting i Livabygget.

Sak 043/2024 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om to ny punkt:

Punkt 8 Arbeid med skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus

Punkt 9 Status Nye Førde sjukehus og status medisinsk teknisk utstyr

Innleiing med bilde om:

- Opning av Livabygget: Statsministeren kjem til opninga. Det blir open dag for folk flest. I tillegg ein familiedag for medarbeidarane.
- Helse Førde stafetten 28. mai, med svært god deltaking og aktivitet rundt Førde sentralsjukehus
- Avtale mellom Helse Førde og NAV, med ein signert strategis partnerskapsavtale med NAV Sunnfjord.

Direktør Tvedt orienterte om vernissage ved opning av nye lokale i AFMR, med kunstverk laga av elevar i vidaregåande skule.

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Styret stilte spørsmål om følgjande høyringar:

- Høyring - Forslag til endringer i barnevernsloven mv. (kvalitetsreform)
- Høyring - Nasjonale råd om overdoseførebyggande arbeid i kommunane

Styret etterspør høyringsuttale til desse to høyringane.

Adm. direktør Varden sa at desse to høyringane blir fulgt opp.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Ufrivillig deltid

HR-direktør Skjelten orienterte om: Deltid i Helse Førde

Helse Førde har som mål at 85 prosent av alle tilsette skal arbeide heiltid. Gjennomsnittleg stillingsstorleik totalt er 90,4%, ligg lågare for kvinner enn for menn.

Det har vore gjennomført ei undersøking om ufrivillig deltid, med ei kartlegging. På bakgrunn av svara kom vi totalt til 39 personar som hadde svar innafor definisjonen ufrivillig deltid. Utifrå funna i undersøkinga er det mogleg å hevde at ufrivillig deltid absolutt ikkje er ei stor utfordring for Helse Førde.

Det er nok samtidig ei større utfordring for samfunnet at så mange sjølv ynskjer å arbeide i redusert stilling.

5. Kvinneklinikken Helse Bergen – konsekvensar for Helse Førde

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om: KK Helse Bergen – konsekvensar for Helse Førde. Dette dreier seg om gynekologiske kreftbehandling. All behandling av Helse Førde sine pasientar med gynekologisk kreft blir gjort ved Haukeland universitetssjukehus. Fagmiljøet ved HUS har hatt utfordringar med å halde stabil legebemanning over tid. Per no klarer ikkje HUS å oppretthalde den regionale funksjonen, og det er sett inn ei rekke kompensierende tiltak. Helse Stavanger har påtatt seg ekstra ansvar. Lokale helseføretak skal gjere det som er mogleg.

Situasjonen frå Helse Førde sitt perspektiv:

Kvinneklinikken i Helse Førde ønsker å avlaste HUS i den grad det er mogleg. Det er viktig at dei oppgåvene vi tar på oss er noko vi kan gjennomføre på forsvarleg vis. Vi er i dialog med HUS på fleire nivå.

Adm. direktør Varden sa at dette blir også innspel til møte med leiargruppa i Helse Bergen 25. juni.

6. Oppfølging styrevedtak Tronvik - status

Direktør Tvedt orienterte om:

- TSB – tilvisingar, ikkje vesentleg fleire
- TSB – pasientbehandling døgn, ikkje brukt eksterne plassar
- TSB – poliklinikk, viser ventetid innafor krava
- Rekneskap – rus døgn Tronvik, viser 1,2 millionar i reduserte utgifter
- Drift og eigedom viser positivt resultat på 461000 kroner

Styret stilte spørsmål om eigedomsmassen ved Tronvik.

7. Oppfølging styrevedtak Florø – endra tenestetilbod

Direktør Øvrebø orienterte om: Areal Sunnfjord medisinske senter - Florø
Samlokalisering av blodbank, hudavdeling og psykiatri

8. Skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus

Adm. direktør Varden orienterte om: Status for skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus

Vurderingar og vegen vidare:

Ei avvikling av skadepoliklinikken på Nordfjord sjukehus gjer at øyeblikkeleg hjelp pasientar som skal vurderast av ein ortoped må sendast til sjukehusa i Førde eller Volda

Det er ønskeleg at arbeidsgruppa skal gi ei tilbakemelding til adm. direktør og hans innstilling vert klar i slutten av august. Dersom det endar med nedlegging av skadepoliklinikken vert det styresak til 26. september.

9. Nye Førde sjukehus og medisinsk teknisk utstyr

Adm. direktør Varden orienterte om: Nye Førde sjukehus og kortsiktige behov.
Livabygget og Svana mini har no ein sluttprognose på 1,29 milliardar, 28 millionar over tidlegare prognose. Utsetjing av Svana 2,3 og 4 på ubestemt tid.

Henvisning til styresak 057/2023 Revidert ØLP 2023-2027 og orienterte om utfordringar med MTU.

Etter møte med Helse Vest blir det fremma sak til styret 26. September.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 044/2024 Rapportering frå verksemda per mai 2024

Oppsummering

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa:

- Indikatorane for tilgjengelegheit viser framleis god trend innan somatikk (64 dagar ventetid for ventande, 74 dagar ventetid for behandla)
- Det er utfordringar med noko auke i fristbrot
- Resultatet i mai var eit underskot på nær 9,5 millionar kroner, som er 9,3 millionar bak budsjett.
- Til ni i år er resultat minus 36,5 millionar, noko som er 35,7 millionar bak budsjett
- Det er utarbeidd ein prognose basert på arbeid per klinikk. Samla viser prognosen eit avvik på minus 86 millionar
- Samla sjukefråvær i april var 7,9 prosent
- Revidert nasjonalbudsjett gir Helse Førde varig styrking av ramme rett i underkant av 20 millionar
- Adm. direktør vil fortsatt poengtere det store behovet for omstilling, noko som er krevjande samstundes som vi skal flytte inn i Livabygget

Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

Pasientflyt mai 2024 viser:

Nytilviste 5 623 (-4%)	Ventelistekø 6 307 (-13%)	Totalkø 45 625 (2%)	Avslutta 5 498 (-2%)
---------------------------	------------------------------	------------------------	-------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid
- Fristbrot, registrert 248 nye

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

- Resultat per mai er eit underskot nær 9,5 millionar kroner, som er 9,3 millionar kroner bak budsjett
- Hovudutfordringa er løn og personalkostnader

Vi har utarbeidd eit nytt score-kort/dashboard som viser oversikt om økonomi, personal, aktivitet, DRG-poeng, fristbrot og nøkkeltal m.m. Dette er tilgjengeleg for avdelingane og seksjonane.

Styret etterspør at styret får ein breiare analyse av personell, innleige m.m.

Adm. direktør Varden sa vi kjem tilbake til styret i september.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2024 til vitende.

Sak 045/2024 Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2024

Oppsummering

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde gir, saman med klinikkane sine gjennomgangar, oversyn over føretaket. Helse Førde har også i første del av 2024 utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi.

Styret kommenterte at vedtaket burde gjenspegle tekst ifrå adm. direktør sin konklusjon i saka.

Framlegg til vedtak:

Styret tek leiinga sin gjennomgang første tertial 2024 til vitende og ber administrerande direktør følgje opp dei påviste risikoområda.

Endringsframlegg frå styret:

Styret tek leiinga sin gjennomgang første tertial 2024 til vitende.

Styret ber administrerande direktør følgje opp dei påviste risikoområda knytt til ventetider og fristbrot, økonomi og tilgang på kompetanse.

Votering:

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek leiinga sin gjennomgang første tertial 2024 til vitende.

Styret ber administrerande direktør følgje opp dei påviste risikoområda knytt til ventetider og fristbrot, økonomi og tilgang på kompetanse.

Sak 046/2024 Prehospital plan - oppfølging styrevedtak – avtale om beredskapsferje og Redningsselskapet

Oppsummering

Styret gjorde følgjande vedtak i styresak 034/2024:

1. *Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospital tenester i samsvar med prehospital plan.*
2. *Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der beredskapsavtalen med Redningsselskapet om supplerande kjøp av akuttmedisinske oppdrag vert evaluert.*
3. *Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der ein evaluerer kjøp av tenester frå Skyss til beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy.*

Denne saka tek føre seg beredskapsavtalen med Redningsselskapet og evaluering av kjøp av tenester frå Skyss til beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy.

I etterkant av styremøtet i mai 2024 sendte administrerande direktør brev til Vestland fylkeskommune vedrørande kostnader knytt til ferjeberedskap på sambandet Askvoll – Gjervik, sjå vedlegg.

Adm. direktør Varden innleia om vedtak 23. mai og oppfølginga. Vi har hatt møte om saka med Askvoll kommune den 20. juni.

Avdelingssjef Brennersted orienterte om styresaka.

Framlegg til vedtak:

1. Styret støtter administrerande direktør si vurdering om å ikkje forlenge beredskapsavtalen med Redningsselskapet om kjøp av akuttmedisinske oppdrag.
2. Styret støtter administrerande direktørs vurdering av beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy. Styret ber administrerande direktør gå vidare i dialogen med Vestland fylkeskommune med mål om at fylkeskommunen tek kostnadene med beredskapsferje, slik dei gjer i områda til Helse Bergen og Helse Fonna. Dersom dette initiativet ikkje fører fram, får administrerande direktør fullmakt til å seie opp avtalen. Tidspunktet for å setje ei slik endring i verk, skal skje etter dialog med Askvoll kommune.

Endringsframlegg frå styreleiar Krakhellen:

Tillegg i punkt 2:

Styret støtter administrerande direktørs vurdering av beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy. Styret meiner at Helse Førde kan drifte fagleg forsvarleg utan beredskapsferje. Styret ser at tiltaket kan vere viktig for samla beredskap for alle naudetatar, og at beredskapsferje kan vere aktuelt utover spesialisthelsetenesta sine behov. Styret ber administrerande direktør gå vidare i dialogen med Vestland fylkeskommune med mål om at fylkeskommunen tek kostnadene med beredskapsferje, slik dei gjer i områda til Helse Bergen og Helse Fonna. Dersom dette initiativet ikkje fører fram, får administrerande direktør fullmakt til å seie opp avtalen. Tidspunktet for å setje ei slik endring i verk, skal skje etter dialog med Askvoll kommune.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg punkt 1 og styreleiar Krakhellen sitt endringsframlegg punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret støtter administrerende direktør si vurdering om å ikkje forlenge beredskapsavtalen med Redningssselskapet om kjøp av akuttmedisinske oppdrag.
2. Styret støtter administrerende direktørs vurdering av beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy. Styret meiner at Helse Førde kan drifte fagleg forsvarleg utan beredskapsferje. Styret ser at tiltaket kan vere viktig for samla beredskap for alle naudetatar, og at beredskapsferje kan vere aktuelt utover spesialisthelsetenesta sine behov. Styret ber administrerende direktør gå vidare i dialogen med Vestland fylkeskommune med mål om at fylkeskommunen tek kostnadene med beredskapsferje, slik dei gjer i områda til Helse Bergen og Helse Fonna. Dersom dette initiativet ikkje fører fram, får administrerende direktør fullmakt til å seie opp avtalen. Tidspunktet for å setje ei slik endring i verk, skal skje etter dialog med Askvoll kommune.

Sak 047/2024 Møteplan og årsplan 2025 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering

Forslag til møteplan legg opp til åtte styremøte og to styreseminar i 2025. Planen tek omsyn til vinterferie i veke 8 og haustferie i veke 41. Møteplanen tek også omsyn til interne møter i Helse Førde, regional leiargruppesamling, rapporteringsdato til Helse Vest, styremøte i Helse Vest RHF og felles styreseminar.

Styremøta i Helse Førde HF startar vanlegvis med «Fagleg orientering». Styremøta vert å halde ved institusjonane.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2025:

Møteplan 1. halvår 2025	
Møtedato	Møtestad
Torsdag 30. januar	Førde, FSS
Torsdag 27. mars	Førde, FSS
Torsdag 22. mai	Førde, FSS
Torsdag 19. juni	Sogndal, ISP
Møteplan 2. halvår 2025	
Torsdag 25. september	Nordfjordeid, NSH
Torsdag 30. oktober	Førde, FSS
Torsdag 27. november	Førde, FSS
Onsdag 17. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2025.

3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2025, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

Saker til orientering:

Sak 048/2024 Nasjonal årsmelding 2023 frå Pasient- og brukarombodet

Oppsummering

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik. I tillegg bidra til å betre kvaliteten i helse- og omsorgstenesta. Pasient- og brukarombodet har kontor spreidd i heile landet og i alle fylker. I Vestland fylke er det kontor i Førde og Bergen.

Pasient- og brukarombodet mottok 18241 førespurnader i 2023, og dette er ein auke på 20 prosent i løpet av fem år.

Styret etterspør ein kort analyse av Sogn og Fjordane i den nasjonale rapporten, og henviste til tre hovudområde i rapporten som var relativt bastante, utan at styret opplever at dette var godt underbygd i det skriftlege materialet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek "Nasjonale årsmelding 2023 frå Pasient- og brukarombodet" til vitende.

Sak 049/2024 Revidert nasjonalbudsjett - øyremerka tilskot til å ta ned ventetider

Oppsummering

I revidert nasjonalbudsjett er det foreslått å auke ramma med «400 millionar kroner til å finansiere tiltak som raskt og effektivt kan bidra til varig reduksjon i ventetidene i sykehusene.» Av desse midlane har Helse Vest tildelt 8,3 millionar til Helse Førde.

Administrerande direktør har bedt om innspel frå klinikkdirektørane og basert på tilbagemeldingar, formålet med midlane og kriterie satt er følgjande vedtatt:

- 5 millionar til klinikkane no
 - Kirurgisk klinikk 2,8 millionar og Medisinsk klinikk 1,5 millionar til ekstrainsats med kvelds- og helgepoliklinikk innanfor utvalde fagområde.

- Psykisk helsevern 0,7 millionar til barn og unge kor det er behov for auka kapasitet ein periode. Dette vil bli løyst gjennom engasjement for psykolog på lisens.
- Resterande midlar på 3,3 millionar vil bli fordelt seinare. Administrerande direktør har bedt klinikkdirektørane om forslag til tiltak som vil medføre varig reduksjon i ventetider utan varig auke i kostnader. Eksempel på dette er oppgåvegliding, endring i arbeidsprosessar, mv.

I tillegg vil innflytting i Liva bygget kunne medføre ytterlegare behov for kvelds- og helgepoliklinikk som følgje av ein periode med redusert operasjonskapasitet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tar administrerande direktør si orientering om bruk av midlar til vitende.

Sak 050/2024 Løypemelding økonomiske tiltak

Adm. direktør Varden og økonomidirektør Helleseth orienterte om:

Overordna:

- Vi arbeider parallelt med fleire tiltak for å tilpasse drifta til langsiktige økonomiske rammevilkår.
- “Eitt sjukehus med mange dører inn” - vi må tilpasse tenestetilbodet til medisinsk utvikling og samla sett beste helsetilbod i framtida
- Bedre budsjettdisiplin, gjennomgang av rammer og tilpassing av fullmaktsstruktur

Kva er gjennomført?

Planlagt framdrift – Innmelde tiltak – Kategorisering av innmelde tiltak

Kva ligg til grunn i prosess og vurderingar? Fag – Rekruttering - Økonomi

“Status større tiltak som krev analyse” vart presentert.

Nye konkrete tiltak er:

- Ny gjennomgang av tiltak i føretaksleinga 25. juni
- Møte med Helse Vest i Stavanger 11. September knytt til ØLP og investeringsevne
- Etablere tettare oppfølging/dialog frå adm. direktør med utvalde avdelingar
- Evaluering av endring i samband med prehospital plan og då konkret beredskapsferje
- I sommar er det etablert felles styring av alle sengepostane på Førde sentralsjukehus
- Innstrammingar i delegasjonsreglementet og fullmaktsmatrisen
- Digitale helsetenster

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemelding økonomiske tiltak til vitende.

Sak 051/2024 Miljøstyring i Helse Førde**Oppsummering**

Styresaka presenterer status for miljøstyring i Helse Førde, med ein meir utfyllande rapport som vedlegg. Rapporten inneheld oversikt over krav i styrande dokument, mål, organisering av arbeidet med å nå måla og resultat opp mot måla. I rapporten ser vi at utan gjenvinningskraft har Helse Førde ein reduksjon av klimagassutslepp på 2 prosent sidan 2019. Med gjenvinningskraft er reduksjonen på 29 prosent.

Etter leiinga sin gjennomgang av miljøstyringssystemet i mai 2024, var det semje om at ein må kartlegge og iverksette tiltak for å klare å nå miljømåla.

Utviklingsdirektør Kleiven innleia om føringar i styringsdokumentet og statens forventningar til selskapa.

- *Mål innan 2030 å redusere CO2e-utslepp med 40%*
- *Langsiktig mål: Klimanøytralt innan 2045*

Rådgjevar Hjelmeland orienterte om:

- *Korleis jobbe med miljømåla i Helse Førde*
- *Overordna tiltak 2022-2023*
- *Overordna tiltak for 2024-2025*
- *Klimarekneskap (Scope 1, 2 og 3)*
- *Utslepp per kategori*

Styret takka for god rapport og godt systematisk arbeid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporten om Miljøstyring til vitende.

Sak 052/2024 Endra organisering akuttmedisinske tenester - orientering**Oppsummering**

Adm. direktør Varden orienterte om endra organisering av akuttmedisinske tenester. Det har vore gjennomført drøftingsmøte og informasjonsmøte i forkant av dagens styremøte. Ny organisering trer i kraft 2. september 2024.

HR-direktør Skjelten orienterte om arbeid med det psykososiale arbeidsmiljø, som AFF jobbar med. Det skal vere styringsgruppemøte 26. juni.

Styret kommenterte at det framstår som det har vore ein god og inkluderande prosess. Tilsettere representantar bekrefta at det har vore ein god prosess, og takka adm. direktør for godt samarbeid.

Vedtak (samrøystes):

Styret tar administrerende direktør si orientering om endra organisering av dei akuttmedisinske tenestene til vitende.

Sak 053/2024 Eventuelt

Styremøte 24. oktober kan bli flytta frå Nordfjordeid til Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt:

- Vedtekter Helse Førde HF, oppdatert 22.05.2024
- Brev til Helse Vest vedr. Høyring om endringar i nivåkrav - opptaksforskrifta og PPU-forskrift, datert 24.05.2024

Ref. Berit Irene Haarklau
21.06.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde (sett)	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem